

*Eli Grindhaug Nes og*

*Siv Stensland*

25.05.2023

Karmøy kommune

v/ André Larsen

**Spørsmål til dok.nr: 21/6234-4 med med vedlegg, saksbehandlar André Larsen.**

Saka gjeld gnr. 15, bnr. 261 og 1648 og avtalar om fleire grensejusteringar. Me er 5 søskjen som enno strevar med arveoppgjøret etter foreldra våre, og har etter kvart fått tak i nokre avtalar som det ser ut til at mor vår kan ha gått med på sjølv om ho sat i uskifta bu. Ein som representerer ein av arvingane har slik det ser ut, representert mor vår som rekvirent, og me som skriv under dette brevet har i alle fall vore dårleg eller ikkje informert.

Me har difor nokre spørsmål:

1. Har mor vår, Hilda Grindhaug signert alle desse grensejusteringsavtalane?
2. Kva vil det seia at avtalen med m.a. Karmøy kirkelige fellesråd seier at «*mellomværende for grensejusteringen er oppgjort mellom eierne på omforent måte*»?
3. Kvifor er det naudsynleg at det skal gå privat eigedom til fellesrådet med føremål «bevaring»? Er det eit rekkefølgjekrav i reguleringsplanen?
4. I ein parentes seiest det: »*Resterende arealer av 15/261 etter deling og grensejustering skal senere overskjøtes til Karmøy Kommune*». Er dette og sikra i reguleringsplanen? Kva vil det i så fall seia med «senere»?
5. Me er 5 søskjen som skal dela denne arven. Skal me saman sitja som eigarar av regulert kommuneveg til kommunen finn det for godt å overta?
6. Vil det koma kostnader på oss arvingar før kommunen overtar? Det er nemleg alt rekna inn noko i samband med ei verdivurdering av eigedommane.

Med helsing

*Eli Grindhaug Nes*

*Siv Stensland*